


BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik Nr. 1 2021



Mars 2021

Årgang 63



Foto: Eidfjord

Brubbyggjaren ynskjer alle god påske!
- Ta vare på kvarandre!

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

ULVIK KYRKJEKONTOR:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyri 6, 5730 Ulvik
Tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917

Dagleg leiar/kyrkjeveerje:

Willemina van Manen
kyrkjeveerje@ulvik.kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk ebryk@interia.pl
Tlf.: 967 42 927

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Berge Aarvik
Tlf. 452 28 287 / tiljorunn@gmail.com

Kyrkjetenar: Jan Arvid Gjørn, tlf. 954 69 903

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

EIDFJORD KYRKJEKONTOR:

Postboks 23, 5786 Eidfjord. Telefon: 53 66 52 51

Kyrkjeveerje:

Irene Víveli, irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjetenar:

Christian Bouvain, christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjøtveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Sekretær:

Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Kari Tveit Hovland, Tlf. 970 62 477

SOKNEPRESTAR:

Eidfjord:

Johannes Pettersen, 53 66 52 51 / 913 40 828
johannes@eidfjordkyrkje.no

Ulvik:

Magnar Haaland, Tlf. 415 46 366 / mh977@kyrkja.no
Bengt Staffan Andersson

Eller kontakt:

Voss kyrkjekontor – prosten
Telefon: 56 52 38 80

REDAKSJON FOR KYRKJEBLADET:

Kyrkjeveerje Irene Víveli, Wilma Bergman og
Kjersti Næsheim. Kyrkjeveerje Willemina van Manen,
soknerådsleiar Knut Nes og soknerådsmedlem
Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør:

Steinar I. Berge, tlf. 908 41 077
steinar.bergo@ulvik.org

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 661653

Bladpengar kr 200,-
Utanbygds kr 300,-
Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gåver til
Kyrkjebladet.

Takk til alle gode støttespelarar i Eidfjord og Ulvik!

PÅSKEANDAKT

BLIR ALT BRA?

Spør barne- og ungdomsarbeidar Jorunn

Det var visst i Italia det starta. Born byrja å hengja fargerike teikningar i vidauga, som ei oppmuntring i ei vanskeleg tid. «Alt blir bra», var budskapen. Teikningane vart spreidde i sosiale media, og norske born tok opp stafettpinnen.

Etterkvart dukka det opp kritiske artiklar i avisene. Var det verkeleg sant? Blir eigentleg alt bra igjen? Kva med alle som har mista arbeidet som fylgje av pandemien.

Kva med dei som døydde, eller alle dei som strevar med langtidsfylgjene etter koronainfeksjon? Er det rett å bruka barn til å spreia falske håp om at alt ordnar seg til slutt? Vil det ikkje alltid koma nye pandemiar, nye krigar, nye sjukdomar og katastrofar?

Så kom artiklane som kritiserte dei kritiske artiklane: «Lat oss få behalda alle regnbogene og dei lysande hjarta på husfasadane. Ikkje ta frå oss håpet!» Men spørsmålet blir hengande igjen: Kan me verkeleg tru at alt blir bra? Heilt på ekte?

I starten på vår tidrekning sat ein flokk vettskremte menneske bak lukka dører i byen Jerusalem. Om nokon hadde forsøkt å trøysta med at alt kjem til å bli bra, ville dei ikkje trudd det. Det verste hadde nemleg alt skjedd. Då læremeisteren deira vart henretta som ein forbrytar, mista dei ikkje berre ein kjær ven. Jesus hadde gjeve liva deira meining og retning. Dei trudde han skulle fri dei frå okkupasjonsmakta. No var han død. Korleis kunne noko nokonsinne bli bra att når alt allereie var tapt? Denne dagen mellom langfredag og påskemorgon, då disiplane sat redde og forvirra tilbake, er ein litt oversett dag i påskeveka vår. I motsetnad til dei andre innhaldsmetta påskedagane, har påskeaftan inga forteljing, ingen dramaturgi. Nettopp difor er denne dagen viktig. For dei fleste av oss erfarer ein påskeaftan eller fleire i laupet av livet. Dagar då alt kjennest mørkt og tomt og det er uråd å tru på lettvinde alt-blir bra-slagord. Me lever i ei verd der pandemiar, ulukker og sjukdom rammar, der folk i bokstaveleg eller overført tyding kan oppleva at grunnen forsvinn under beina på dei. Nei, alt blir ikkje «bra» igjen.

Men Bibelen fortel at det kjem ein dag etter påskeaftan. Når disiplane er som mest fortvila, er oppstoda og soloppgangen ikkje langt unna. Dei veit det berre ikkje enno. Snart, snart vil steinen bli rulla til sides og morgonljuset fylla den tomme grava.

Det er eit håp som held, når alt anna vaklar: Dødskreftene har ikkje siste ordet. Jesus har overvunne det vonde. Og ein dag skal han koma att og gjera alle ting nye!



FRÅ REDAKTØREN

Me legg bak oss eit år der me og resten av verda har levt i ein slags unntakstilstand og tek til å få nye og andre rutinar. Somme snakkar om «når me er tilbake til normale tilhøve». Kanskje denne annleis tida må føra til at me tenkjer annleis om framtida? Sjølv sagt må folk koma tilbake i arbeid og kunna ha normal aktivitet, men noko må me gjera minder av, og anna meir. Fordeling og levemåte på kloden vert viktige stikkord!

Kyrkjebladet avspeglar eit konglomerat av livet. Det er viktig at både dei faste kyrkjegjengarane, dei som treng trøyst, hjelp og tankar i ein tilbaketrekt og anonym kvardag, finn noko å lesa. Ingen har monopol på sanninga eller ei oppskrift på livet, som høver alle. Som indianaren sa: «Døm ikkje eit anna menneske før du har gått eit stykke i den andre sine mokasinar!» Livet er så ulikt, evnene, utfordringane og opplevingane ulike. Skulle det vera noko felles, så må det vera å gjera godt mot kvarandre. Ein ser ofte at den som har minst, har mest å gje både når det gjeld å dela og å visa omsorg. Det er mykje urettferd og skeiv fordeling i Noreg, og enno meir i andre land. Erfaringar frå skuleverket har vist at det er lettare med multiplikasjon enn divisjon. Eg kan for min eigen del skriva under på det, sjølv om eg generelt har vore stivare i gymnastikk enn i matematikk! Kanskje dei som har høgast terskel for å koma i kyrkja utan at

dei har ein spesiell grunn, og dei som slit med sitt eige tilhøve til kyrkja, er kyrkjebladet sine viktigaste lesarar. Når ein skal redigera Brubyggjaren gjeld det å inkludera alle.

Me har no hatt eit hyggeleg og konstruktivt samarbeid mellom Eidfjord og Ulvik i eit år. Det er ingen kamp om å vera med i redaksjonane eller å vera redaktør! Det gjeld å visa sider ved livet i kyrkjene og bygdene, slik at ein skaper samhold, omtanke og forståing for kvarandre. Folk står ikkje i kø for å ta på seg verv, men me vil gjerne ha innspel frå folk i bygdene våre. Brubyggjaren er ikkje eit forum for store livssynsdebattar, men speglar folk sine tankar om livet på godt og vondt til hjelp for kvarandre.

Me takkar for støtta i 2020. Talet på abonnentar gjer at me ser ut til å klara utgiftene. Dette nummeret har betalingsblankett, og betalinga gjeld for 2021. Brubyggjaren håpar at du vil halda fram med å støtta opp om bladet, og me takkar på førehand for at nettopp du er med på å halda bladet i live! Folk set vanlegvis namnet sitt på innbetalinga, men lokalt får alle bladet uansett betaling. Utanbygdsabonnentar må setja namnet sitt på, elles har me ikkje nokon å senda til.

DEN DIGITALE EIDFJORD-KYRKJA

Visste du at du òg finn oss på nett?

Aktuell informasjon, gudstenesteliste og kontaktdata finn du på vår heimeside **www.eidfjordkyrkje.no**.

Når me ikkje kan møtast fysisk i kyrkja, legg me ut nokre andaktar for vaksne, gudstenester og videoar for born på vår YouTube-kanal. Abonner gjerne på oss, så får du beskjed med ein gong det kjem ein ny video. På YouTube heiter me «Eidfjord kyrkje».

Har du lyst å sjå nokre glimt av kvardagen i Eidfjord kyrkje eller vil du berre får all aktuell informasjon, så kan du gjerne følgje oss på Facebook - @eidfjordkyrkje.

Lurer du på kva Manuela held på med? Og kva som skjer eigentleg i barne- og ungdomsarbeidet eller diakoniarbeidet i Eidfjord kyrkje?



Følg Manuela på

Facebook: @trusopplaerarmanuela eller

Instagram: @trusopplaerar_manuela

Youtube:



KONFIRMASJONEN FØR OG NO

Av Steinar I. Bergo



AOSEMANNEN

Aosemannen heitte egentleg Jon Børsheim, men budde i Aosen akkurat der som Kvasshovdenløypa forlet skogsvegen. Du kan sjå restane etter grunnmuren. Det var ikkje feitt å veksa opp der, men folk klarde seg med lite, og der vaks opp born. Ein av dei var såleis «aosemannen», eller Jo i Aosen som folk sa. Farbror min, Jørgen Bergo, har skrivne om plassen Aosen i boka «Glytt frå Ulvik». Han tok meg med i Aosen mange gonger og fortalde om livet der. – Kva har så aosemannen med konfirmasjonen å gjera? Ikkje så radt lite, og dette fortalde han far om Jo og konfirmasjonen: Det vart stilte stor krav til bibelkunnskap dersom ein skulle bli konfirmert. Stundom måtte ein stakkar gjer ny freistnad. Jo strauk fleire gonger. Han hadde problem med å læra Fader vår. Det stokka seg kvar gong han kom til den andre bønna: «lat riket ditt koma». Mora skal ha ropt etter han på vegen til kyrkja etter fleire mislukka freistnader: «Gløym no ikkje riket ditt, Jon!» Noko han gjorde. Det er ikkje vanskeleg å tenkja seg kva angst han gjekk på kyrkjeveg med, og kvifor det stokka seg meir og meir for kvar gong! Til slutt måtte han «naudkonfirmerast», for han vart kalla inn til militærtjeneste, og ingen skulle læra å drepa folk før dei var konfirmerte!

(Konfirmasjonen som nøkkel til mangt heldt seg lenge. Då eg vart konfirmert i 1963, ville eg på dans 17. mai. Ein politimann som dukka opp, spurde om eg var 15. år. Det var eg ikkje. Så spurde han om eg var konfirmert. Det var eg. Den overstyrte alderen! Det er eit av dei eksistensielle spørsmåla eg aldri har kome til botnar i!)

Jon Børsheim vart flytta ned på gamleheimen då han ikkje klarte seg sjølv lenger. Der skulle han koma til å bu i 18. år. Då tyskarane bomba Ulvik, den 25. april 1940, var han godt oppi åra, tung og sengeliggjande. Gamleheimen vart sett i brann, og dei fleste gamle vart berga ut, men Jon var så stor og tung at dei klarde ikkje å få han ut. Saman med to andre brann han inne.

Sjølv om konfirmasjonen etter kvart stilte mindre krav, så var han ein viktig milepel i ein ungdom sitt liv. Lenge måtte ein og gje ein lovnad og ta presten i handa for å stadfesta denne lovnaden. I 1960-åra var det framleis slik, og kyrkjebladet har spurt ei ulvikjente som vart konfirmert i 1960. Marta Bergo Straume er såleis 61.års-konfirmant i år. Slik minnest ho sin konfirmasjon:



Fredskullet i 1945, 61-årsjubilarer i år! Kor mange klarer du namnet på?

KONFIRMANT 1960

Det var sjølvstund å gå for presten då eg var ung. Hausten 1959 var me mange som begynte. Ulvik prestegjeld hadde fått ny prest det året, og me var spente. Det gjekk rykte om at han var streng, og at han spelte fotball. Presten heitte Christoffer Johnsen, og det viste seg at begge deler var sant. Me måtte gå i kyrkja når det var preike, som dei sa den gongen. Presten hadde også fleire idear som var nye for oss. Han tok oss med på konfirmantleir på Kvamskogen. Eg hadde aldri høyrte om slikt før, men du for ei oppleving det var. Ungdomsheimen var full av konfirmantar og andre unge. Det var makelause dagar med skiturar, andaktar, festkveldar, gudstenester, leik og moro.

I konfirmanttida fekk me også oppleva tunge dagar: ei av våre døydde brått under svært tragiske omstende. I gravferda hennar fortalde presten at det siste ho hadde skrive i konfirmantboka si var: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg skal leva om han så døyr. Og kvar og den som lever og trur på meg, skal i all æva ikkje døy.» (Joh.11,25-26). Og læraren vår, Gunnar Sognefest, sa ved båra hennar: «Den tome pulten din skal minna oss om kor viktig det er at det gode får vinna over det vonde». Sorga og saknet la nok eit alvor over konfirmanttida og over konfirmasjonsdagen i strålande sol den 22. mai 1960.

På konfirmasjonsdagen vart me høyrde i det me hadde lært i førebuingstida. Me stod ved sida av kvarandre på kyrkjegolvet, og presten gjekk fram og tilbake og spurde kvar enkelt. Ingen visste på førehand kva han skulle bli høyrde i. Heldigvis slapp alle fram. Eg trur det var slutt på at konfirmantar kunne stryka i 1960. Etterpå knelte me kring altarringen, og presten spurde kvar enkelt konfirmant: «Forsakar du djevelen og alle hans gjerningar og all hans åtfærd?» «Trur du på Gud Fader, Sonen og Den Heilage Ande?» «Vil du med Guds nåde stå i denne

dåpspakta di alt til din døyande dag?» Etter at me hadde svara «Ja» på alle tre spørsmåla, sa så presten: «Så gjev meg handa på det.» Dermed var me konfirmerte. Presten la handa på hovudet til konfirmanten og bad for kvar enkelt.

Dagen etter konfirmasjonen hadde me fri frå skulen for då var det altergang. Det var ei gudsteneste der me som var nykonfirmerte, skulle gå til nattverd for første gong. Jentene stilte i kåpe og nye kjolar. Gutane brukte konfirmasjonsdressen sin ein gong til. Så var me for vaksne å rekna.





Ein liten flokk konfirmantar i Ulvik i 2020. Stort bilete med namn såg du i Brubyggjaren nr. 3. 2020. Det er teke av Hanne Solheim. Ho har og teke bileta til Ilona-Maria sin tekst under, sidan ho er tanta.

KONFIRMASJONEN 2020

er den med heilt fersk tradisjon for konfirmasjonen i Ulvik. Me vil gjerne ha ungdommane i tale, og me har klart å få svar på nokre spørsmål frå Ilona-Marie Batta Solheim. Ho står fremst til venstre i biletet frå kyrkja. Her kjem hennar tankar og opplevingar, og me fekk i tillegg bilete som me bad om!

Det var kjekt å bli spurd om eg kunne skriva noko om konfirmasjonen min. Eg måtte tenkja tilbake, men hugsar nok ikkje alt.

Eg bestemte meg nokså tidleg for at eg ville konfirmere meg. Eg hadde vore i fleire konfirmasjonar og syntest det var kjekt med mange folk, talar, songar og god mat. Det var og spennande å sjå kva konfirmantane fekk. 2 år før konfirmasjonen tinga mamma og pappa lokala til Nils Lekve på Hardanger Saft- og siderfabrikk. Men før det hadde Besto spurte mamma om det var greitt at ho ordna bunad til meg. Det var heilt greitt syntest mamma. Eg fekk etter kvart vera med å bestemma mønster og fargar på belte og bringklut.

Sommaren 2019 sende eg ut ei melding til dei eg ville ha som gjester, at dei skulle halda av datoen 2. mai 2020. Den 25. august 2019 var det presentasjonsgudsteneste. Me var 4 jenter og 2 gutar frå klassen. Konfirmasjonsundervisninga med Magnar Haaland var kjekk. Me var og i lag med 3 til frå Granvin. Magnar klarte å formidla på ein god måte. Opplegget var variert. Me lærte nokre



songar, snakka om Bibelen og prata. Me måtte og læra «Vår Far i himmelen» og Truvekjenninga utanåt. Under konfirmasjonsopplæringa måtte me delta på minimum 7 gudstenester – trur eg det var. Bra at det var program slik at eg kunne fylgja med på kva som skulle skje i kyrkja.

Dessverre vart Magnar sjuk. Me fekk Marna Roer til vikar. På nyåret 2020 lagde mamma og eg gjesteliste og sende ut invitasjonar. Eg ville ha stoor fest. Heile familien til mamma og pappa med onklar, tanter, syskenborn og tremenningar hadde ikkje vore samla før. Eg gledde meg. Me byrja og å snakka om mat og kaker. Det var mange som ville baka.

Dessverre fekk eg ikkje vera med på konfirmasjonsleiren då eg vart sjuk den helga. På våren vart Marna sjukemeld. Så kom koronaen! Konfirmasjonsundervisninga stoppa. Alt stoppa på ein måte, samtalegudstenesta i april og konfirmasjonen vart utsett til hausten. Eg vart trist. Hadde gleda meg til å sjå heile slekta. Bunaden var klar og alt. Pappa vart litt letta. No kunne han konsentrere seg om lamminga.

På ettersommaren måtte me laga ny invitasjon. Me kunne ikkje vera så mange i konfirmasjonen som eg ynskte. Me kunne ikkje vera fleire enn 50 personar på festen, og me fekk tildelt 5 benkar i kyrkja. Her skulle det vera avstand mellom dei som ikkje var i same familie. Det var trist å seia at fleire som ville vera med i kyrkja ikkje fekk vera med. Men alle hadde forståing for situasjonen.

Ny dato for konfirmasjonen vart 6. september. Eg hadde familiefesten den 5. september då det var fleire tilreisande. Før festen bestilte me koldtbord. Eg fekk velja kva eg ville, og så kom mamma og pappa med forslag. Me hadde tenkt å sitja i hestesko og blanda familiar slik at gjestane vart meir kjende med kvarandre. Det gjekk ikkje. Det vart småbord der næraste familie sat saman. Mamma, pappa og eg dekkja på borda laurdag morgon. I tillegg til songar, namneskilt, serviettar, blomar og ljøs (også dåpsljøset mitt), var det antibac på alle borda. Eg hadde valt fargar.

Sjøelve konfirmasjonsfesten var kjekk. Flagget heime vart heist. Besto hjelpte meg med bunaden. Det var skya med litt regn i lufta. Me var faktisk ute i god tid til festen. Så kjekt å sjå slekta, men det var vanskeleg å ikkje kunne ta folk i handa og gje dei ein god klem. Synd at ikkje alle kunne koma. Ekstra dumt at bestefar på torsdagen før hadde dotte og slått seg, og måtte på sjukehus. Han hadde gleda seg til å spela til songane. Mamma, pappa og eg ynskte velkommen. Det var talar frå mamma og pappa, Nagymama (mormor) og Bestefar. Besto og tante Bell heldt også tale. Det var koseleg, men også litt kleint å høyre på. Det var fleire songar og. Om EG heldt tale? Nehei, men mamma hadde lagt ein song som skulle «vera frå meg» der eg takka alle for at dei kom. Kleint! Det vart anna underhaldning og Kahoot. Kjempekjekt. Deileg mat på bordet der me måtte hugsa å halda avstand og sprita hendene før me forsynte oss.

Me fekk litt utfordringar då me skulle ta bilete av alle saman. Ikkje lett å halda avstand.

Etter festen var det opprydding. Det gjekk heldigvis fort. Ein fin dag eg vil hugsa lenge.

Søndag 6. september var ein fin haustdag. Flagget til topps. Bunaden kom på igjen. Alle konfirmasjonsjentene hadde bunad. Kjekt at Magnar var tilbake og hadde konfirmasjonen. Det var ein fin seremoni. Eg var glad at den ikkje varde så lenge. Me fekk ei bok kvar og eit kors frå kyrkja til å ha rundt halsen. Etter kyrkja vart det fotografering før me drog heim. Heime var det restar att frå dagen før. Her kom nokre av gjestane til lunsj. Sidan me ikkje kunne vera meir enn 20 samla privat, kunne ikkje alle koma. Det var dumt.

Kva eg vil hugsa av konfirmasjonen om 50 år? Eg vil nok hugsa koronaen mest. At konfirmasjonen vart utsett til hausten, og at me var heldige som fekk ha så mange gjester som me hadde. Eg håpar eg fortsatt har bunaden. Konfirmasjonsgjestane fekk eit ark der dei skulle skriva kva dei trudde om framtida mi: kor eg ville bu, kva utdanning eg ville ta, kor mange barn eg ville få osv. Desse spørsmåla vil eg nok ha svar på då.

Helsing Ilona-Marie Batta Solheim



STRØYMING AV GUDSTENESTE

Det er både uvanlege tider og moderne tider samstundes. Pandemien har ført til stenging av institusjonar. Noko som òg har ramma kyrkjene. Men ein har og funne nye måtar å møtast på, som til dømes gudstenester på internett. Sokneprest i Eidfjord, Johannes Pettersen, har erfaring med dette, og saman med kyrkjevevja i Ulvik, Wilma van Manen, slo dei til med å filma ei heil gudsteneste frå kyrkja i Ulvik. Med på laget var sjølvsgagt organist Edyta Bryk, klokkar var Lilly Hammer og kyrkjetenar som alltid, Jan Arvid Gjørn. Det heile skjedde same dagen som presidentinnsetjinga i Washington, så ingen kan klaga på timinga. Innhaldet i gudstenesta hadde mange menneskelege aspekt, som ikkje stod tilbake for seremonien i The White House. Har du ikkje fått det med deg, så gå inn på nettet og fylg gudstenesta frå Ulvik kyrkje!



Vår lokale sjef har fått opplæring i strøyming og har vore ein lærevillig elev! Kameraet er klart for opptak.



Allsong med få personar var ei utfordring, men Johannes spela gitar og song i tillegg.

NY HEIMESIDE FOR KYRKJA I ULVIK

Wilma har laga ny og proff heimeside til kyrkja i Ulvik. Den gamle var ustrukturert og vart tilfeldig oppdatert. I den tida me lever i no, kjem det fort endringar i planane for gudstenester og andre aktivitetar. Det er difor viktig at folk til ei kvar tid kan orientera seg om kva som skjer. På den nye sida kan dei ulike aktørane i kyrkjelydsarbeidet som t.d. søndagsskulen har sine stader å leggja ut informasjon på, og visa ulike tilbod og aktivitetar.

Her er linka: <https://kirken.no/ulvik>



TANKAR OM TRU

Fyrste gongen Sveinung Sâkvitne skreiv i kyrkjebladet fortalde han oss om konfirmasjonen sin og presten Amlie. Det var i eit tidlegare blad då Ulvik og Granvin samarbeidde om bladet. Han har fylgt med kyrkjebladet, sjølv om han no er vorten «vossing» og stod på soknerådlista i det nye heradet. For nye lesarar så kan me nemna at han har vore sjømann, undervist på sjømannsskulen, butt både i Amerika og Spania. Han er språkmektig, kjenner og snakkar fleire språk mellom andre både engelsk og spansk. Etter univesitetsstudium og fram til pensjonen underviste han på Høgskulen på vestlandet. Han har flytta heim att til Granvin. Denne gongen har han sendt oss ein tekst om å tru.



Å TRU PÅ JESUS

Når det gjeld spørsmålet om å tru eller ikkje tru, kjem ein ingen veg med sosiologiske forklaringar. I 1.Kor.2,12 står det: «Dette talar me om med ord som Anden har lært oss, ikkje med ord som menneskeleg visdom har lært oss». Jesus seier: «Ingen kan koma til meg utan at Far min, som sende meg, dreg han, og eg skal reisa han opp på den siste dagen». Guds ande kan dra nokon fordi andre ber for dei. Anden dreg og dei som leitar etter Gud. Den hjelpa treng me, for me klarer det ikkje på eiga hand. Når nokon leitar etter Jesus, så må dei søkja Guds Ord i tale og i skrift, og be Gud om hjelp i Jesu Kristi namn. I Bibelen står det: «Den som vil gjera Guds vilje, skal få erfara at læra er frå Gud». Når ein opplever desse erfaringane, så vert trua sterk. Gud er ånd, står det i Bibelen. Når det står at Gud skapte menneska i sitt bilete, så tyder ikkje det at Gud ser ut som eit menneske. Det tyder at me har fått ei ånd som er i slekt med Gud si ånd. Når vår ånd kommuniserer med Gud si ånd, kjem trua. Kristendomen er den einaste religionen som seier at me kan verta frelste (berga) ved nåde. I alle andre religionar er dette avhengig av eigne gjerningar. Og nokre religionar snakkar ikkje om frelse i det heile, berre at ein kan gå opp i ein eller annan kosmisk einskap. Dersom ein har trong til å nærma seg slike spørsmål, bør det vera lett å velgja den læra ein vil søkja i. Elles går ein over bekken etter vatn. Det står i Bibelen at den som leitar, skal finna, og den som bankar på, skal det verta opplate for. Det er framleis ikkje for seint. I Bibelen står det at Gud er EIN. Dersom ein føreset dette, er det logisk at det berre er EIN religion som er rett. Det sentrale i kristendommen er Jesus Kristus. Mange seier at kristendommen og islam er mykje godt det same. Men Bibelen seier at Jesus lever; medan immamane seier at han er død. Korleis kan då lærene vera like? Dessutan

er islam ein typisk gjerningsreligion. I dag er det veldig mange naturvitskapsfolk som trur på Bibelen. Dei finn ikkje mykje motsetning mellom utviklingslæra og Bibelen. Det er ingenting som hindrar Gud i å skapa via utvikling og tilpassing. Men det finst ikkje prov på at menneska har utvikla seg frå dyr. Ein kan stussa over andre delar av utviklingslæra; til dømes teorien om overleving av den sterkaste. Denne læra føreset kamp. Men sjå til dømes ein ulveflokk. Dei finn leiaren sin utan at nokon vert drepne. I staden samarbeider dei om jakta, og alle får eta. Slik overlever dei vinteren; både dei sterkaste og dei mindre sterke. Men det er berre alfa-paret som får føra genane sine vidare. Det er ei anna form for styring av utviklinga, eller ei sikring mot svekking av genane. Eg hørde ein naturvitskapsprofessor som sa at ved hjelp av kunnskapen sin, kunne han sjå at detaljane i Bibelen stemde. Ein kan sjølvstapt finna nokre feil, til dømes i omsetjingar og tolkingar. Men essensen stemmer.

Det har kome inn framandelement, som til dømes den folkloristiske helveteslæra. Det finst fleire religionar som fortel om ei hule under jorda der vondskapen rår. Men Bibelen seier noko anna. På søppel-brenningsplassen Gehenna utanfor Jerusalem brann elden heile tida, og makken åt opp restane. I eldre norsk heitte makken orm, og det gjer han framleis på engelsk og tysk. Mykje i Bibelen er symbolsk eller vert fortalt i likningar. Staden Gehenna er eit symbol for utsletting, og namnet Gehenna er omsett til helvete på norsk. Denne staden finst ikkje lenger, men fortaping er nemnt mange gonger. Vondskapen i verda held seg nok helst over bakken. Framande mytar er vanskeleg å verta kvitte. Landa i Europa har no vore kristne i over tusen år. Likevel nyttar me namn på vekedagar og månader som kjem frå norrøn og greks-romersk mytologi. Til dømes onsdag frå Odin, og Saturday frå Saturnus. Ein kan ofte observera at høgt skulerte folk er kritiske til religion. Det som nok er tilfelle, er at dei beundrar sin eigen intelligens så mykje at det blir ei hindring. Dei er så overdrevent trygge på sin eigen suverenitet at dei berre konsentrerer seg om å leita etter feil. Dei kan samanliknast med ein mann som er stengd inne ein kjellar, og i staden for å leita etter ein veg ut i det fri, brukar han all si tid og engergi på å finna eit eller anna slags våpen som han kan bruka for å gjera sjølv-mord. Til slutt dør han av mangel på næring. Det hadde vel vore meir intelligent å søkja frelsa. Det står i Bibelen: «For då verda ikkje nytta visdomen til å læra Gud å kjenna i hans visdom, då valde Gud å frelsa dei som trur, ved den dårskapen me forkynner. For jødar spør etter teikn, og grekarar søkjer visdom, men me forkynner ein krossfest Kristus. Han er ein snublestein for jødar og ein dårskap for heidningar. Men for dei som er kalla, både jødar og grekarar, er Kristus Guds kraft og Guds visdom. For Guds dårskap er visare enn menneske, og Guds veikskap er sterkare enn menneske».

KYRKJEVERJER I EI TURBULENT TID



Staben i Eidfjord «på utekontor»?

Eit slagord frå tidlegare tider var slik: «Utan lastebilen stoppar Noreg». Lastebilane går framleis, men diskusjonen om drivstoffet går høgt for tida. Samstundes fører coronatida at mange institusjonar stengjer for kortare eller lenger tid, og talet på personar som kan samlast varierer. Kyrkjene har sine strenge reglar for ulike samkomer og handlingar. Påmeldingar har vorte vanlege. Namn og telefonnummer skal noterast, og i inngangen står desinfeksjon og antibak av ulike slag.

Sjølv om det er færre i kyrkjene, så fører dette til meirarbeid når ein må ta imot påmeldingar og føra lister. Ny eller endra informasjon skal heile tida gjerast kjend. Faste aktivitetar har vorte «slått av og på», men på grunn av godt samarbeid og god oppfølging av smittervern-tiltak, så har det gått bra. Kyrkjeveverjene har tidvis hatt heimekontor. Irene svarer gjerne frå kjøkkenbordet, men frå karantenetida og tida kring jol og nyttår kan ho fortelja om ei travel tid, der mykje planlegging vert gjort via videomøte. Heile staben gjer det beste ut av situasjonen og viser stor kreativitet for å få på plass alternative løysingar som ikkje går på bekostning av smittevern. Eidfjord vitaliserer Brubyggingjaren med friske tankar, bilete og stoff for barn og unge.

Heimekontor kan vera einsamt i lengda og unaturleg når ein har med folk i heile bygdene å gjera. For tida låner me presten i Eidfjord, medan Magnar er sjukemeld. Me er glade for det gode samarbeidet på så mange felt! Tilværet stoppar ikkje med å koma med nye liv, med viktige hendingar og avskjedar med andre. Hjø Wilma i Ulvik har ikkje prestekontoret vore fast bemanna på grunn av sjukdom. Det fører til at vikarar må skaffast, og samarbeidet med presten vert vanskelegare. Håpar bygdefolka sender ein varm tanke til alle desse som held hjula i gang i ein institusjon som ingen kjem utanom ein eller fleire gonger i sin «karriere» her på jorda. **Wilma skriv frå sitt kontor i Ulvik:**

Januar har vore stille, dåpsborna veks ut av dåpskjolane medan dei ventar på at det skal verta meir enn ti som kan vera med i dåpane. Alle trudde at februar skulle gje lettelse, tross alt kom vaksinerings av våre eldste og mest sårbare i gang. Me har starta opp att konfirmantundervisning, planlagt søndagsskule og T10-dag samling. Det blei kjøpt inn strømningsutstyr for digitale

opptak av gudstenester, og ny webside Ulvik kyrkje kom på lufta. Og så skjedde det utenkjelege i Ulvik, bygda vår som er, etter mi meinig, ei av dei tryggaste plassar ein kan vera. Situasjonen snudde seg nesten over natta, og Ulvik blei førstesidenyheit i heile landet. Torsdag 28. januar las me på Ulvik herad si webside: «Det er påvist 2 tilfell med Covid 19-smitte i Ulvik, og desse personane er no i isolasjon. Som følge av dette, har kriseleiinga i samråd med smittevernoverlegen beslutta å setja 2 skuleklassar ved Brakanes skule og 2 avdelingar ved Ulvik barnehage i karantene mens testing og smittesporing pågår».

Veka som følgde var dramatisk med mange smitta og spreieing av Ulvik sitt virus til nabokommunane våre. Fredag den 5. februar kom tal som bekrefta smitte av 77, mens halvparten av bygda sat i ei form for karantene. Veka etterpå steig tala bekrefta smitta til 123 personar. Når ein ser ut av vindauga, dei snødekkja fjella under ein stålblå himmel, det gule lyset frå sola, som veks for kvar dag, slik at strålane skin over ein større del av bygda dag for dag, er det vanskelig å forstå at Ulvik er i krise, at Ulvik må kjempa mot ein usynleg fiende, som ikkje let seg stoppa av spesielle vedtekter og kommunegrenser. Ulvik har fått mykje hjelp, frå nabokommunane Eidfjord og Voss, Bergen og Stord. Folk i bygda er med i ein skikkeleg dugnad. «Ulvikjene går ut for å halda oppe humøret» sto det i avisa Hordaland, og slik er det, godt det er snø og skiføre, slik at me kan halda humøret oppe med noko kjekt innimellom. Kyrkjeveverja i Ulvik har vore heldig, blei ikkje smitta og har til og med sloppe å vera i karantene. Held «heimekontor» på kyrkjelydskontoret, med døra låst. Gudstenester blei avlyste, til og med digitalt opptak av gudsteneste måtte avlysast. Men kyrkjeveverja fann på noko anna, ho gjekk laus på arkivet, som hadde trengt å bli rydda i mange år, men som ein aldri har funne tid til. Me i Ulvik heldt ut, kjem ut av dette, med stor takk til dei som ber den største børda. Dagen då me endelig kan klemma kvarandre og visa kor glade me er i kvarandre, den dagen kjem.

1. Korintar 13,4–6

4 Kjærleiken er tolmodig, kjærleiken er velvillig, misunner ikkje, skryter ikkje, er ikkje hovmodig.

5 Kjærleiken krenkjer ikkje, søker ikkje sitt eige, er ikkje oppfarande og gøymer ikke på det vonde.

6 Han gleder seg ikke ved urett, men gleder seg ved sanninga.




Wilma van Manen, kyrkjeveverje Ulvik

VELKOMEN PÅ SØNDAGSSKULE!

deg oppdatert på når det er søndagsskule neste gong, anbefaler me at du leitar opp facebookgruppa vår «søndagsskulen i Ulvik». **I mellomtida kan du kanskje forsøka deg på desse aktivitetane:**


I fjor vinter inviterte me til søndagsskule i Ulvik for fyrste gong på lang tid. Året som har gått sidan den tid, vart annleis enn me hadde sett føre oss. No ser me framover, og håper me snart kan koma i gang med meir regelmessige samlingar. Vil du halda




BARNAS SIDE

Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad if
Dessa oppgåvene er herre få bladet
Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Vitsar

Klassa hadde matteprøve. Ei av oppgåvene var slik:
«Eit hus har 5 etasjar. Kvar etasje har 20 trappetrinn. Kor mange trappetrinn må du då gå for å kome til toppen?»
- Enkelt, tenkte Ole, og skreiv: «Alle.»

- Korleis er den nye gitaren din?
- Eg måtte kaste han.
- Kvifor det?
- Den hadde jo eit stort hol i midten!

Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalde læresveinane at Jesus var stått opp frå dei dode. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?
(Teikning: Kari Sortland)



Kva får du dersom du kryssar ein kalkulator med eit menneske?
Svar: Ein ven du kan rekne med.

Løys labyrinten og fem-feil-oppgåva, ta eit bilete av sida og send det på epost til padnil@gmail.com. Hugs namn og adresse. Så er du med i trekkinga av ei overrasking! (Eidfjordingar er sjølvstags og så hjarteleg velkomne til å delta!). Helsing Linda og resten av søndagsskulegjengen!

GRAVA ER TOM – JESUS LEVER

*Tekst: Manuela Bjotveit - Bilete: Manuela Bjotveit og Eidfjord kyrkje
Markus 16,1-8; Matteus 28,1-13; Johannes 20,1-13; Lukas 24,1-12*

Alt har vore så fint sidan dei kom til Jerusalem for ei veke sidan. Jesus blei feira som ein konge. Folk kom frå overalt for å høyre på Jesus og vera med han. Stemninga var på topp. Men plutseleg snudde alt. Jesus blei arrestert. Prestane i tempelet var misunnelege på han. Dei fekk lurt styresmaktene. Styresmaktene dømte Jesus til døden. Han døydde på korset på fredag. Vennene til Jesus var i sjokk. Dei var redde. Ein mann som heitte Josef gravla Jesus i ei gravhole.



Maria Magdalena, Maria og Johanna var tre av venninnene til Jesus. Dei var òg veldig triste. Bestevennen deira var ikkje der lenger. Kvinnene ville vise ei siste gong kor glade dei var i Jesus. Dei tok med seg salve og olje. Dei skulle stelle kroppen til Jesus. Det var søndag. På vegen til grava snakka venninnene om Jesus. Johanna sa: «Eg såg at dei hadde rulla ein svær stein framfor gravhola. Korleis skal me få den bort?» «Det er kanskje nokre soldatar der som kan hjelpa oss.» svarte Maria Magdalena.



Kvinnene kom til grava. Dei stansa. Kva var det? Kor er steinen? Kvifor er grava open? Venninnene nærma seg forsiktig. Plutseleg blei dei blenda av eit sterkt ljøs. To englar stod framfor dei. Kvinnene blei redde. «Ikkje vær redde.» sa den eine engelen. «Kvifor leitar de her med dei døde etter Jesus. Jesus lever.» Englane forsvann. Dei hadde rett. Forsiktig gjekk Maria Magdalena, Maria og Johanna inn i gravhola. Grava var tom. Jesus var borte. Venninnene blei kjempeglade. Fulle av glede sprang dei tilbake til dei andre vennene til Jesus. Dei måtte fortelja kva som hadde hendt med ein gong.

Men Maria Magdalena sprang ikkje så fort som dei andre. Ho kunne ikkje heilt tru det at Jesus levde. Maria Magdalena stansa. Ho grein. Ein mann stod framfor ho. Ho tenkte det var ein gartner. «Kvifor græt du?» spør mannen, «Kven leitar du etter?» «Har du tatt kroppen til Jesus bort? Kvar har du lagt han? Eg vil sjå han» ropa Maria. Då sa mannen med ei venleg og kjend stemme: «Maria. Ikkje vær trist.» Då kjende Maria Magdalena mannen att. Det var Jesus. Jesus stod framfor ho. Ho blei kjempeglad. «Gå til dei andre, Maria.» sa Jesus «Fortel til alle at eg lever. Men snart skal eg opp i himmelen til Gud, far min.»

Maria Magdalena sprang heile vegen tilbake til dei andre. Ho fortalde alt som hadde skjedd.



PÅSKEFRUKOST

Maria Magdalena og alle andre vennene til Jesus var kjempeglade for at Jesus lever. Dei hadde sikkert lyst til å feire dette med ein stor fest. Kvant år feirer me påske fordi me er så glade for at Jesus lever. Kvifor ikkje gjere litt ekstra stas i år, og lage ein koseleg påskefrukost? Her kjem nokre idéar.

Små påskekaniner

750 g kveitemjøl

100 g sukker

½ ts salt

1 pk gjær

4 ¼ dl mjølk (lunken)

100 g kjøleskapskaldt smør

Ha kveitemjøl, sukker, salt og gjær i ei bakebolle. Bruker du fersk gjær, kan du løyse den opp i den varme mjølka. Ha i mjølka og sett miksaren på lågaste hastigheit. Elt deigen i 10 minutt. I mellomtida tek du smøret ut av kjøleskapet og deler den opp i små terningar. Ha terningane i deigen og elt vidare i 7-8 minuttar. Dekk bollen med eit kjøkkenhandkle. La deigen heva til dobbel storleik. No kan du forma kaninene. Del deigen opp i små bitar. Ta ein bit og form den til ei kule. Ta så ein bit til å forme ei pølse. Legg pølsa rundt kula. Kryss endane slik at det ser ut som to øyra. Legg kaninene på steikebrettet. La kaninene etterheve under eit handkle. Sett samtidig steikeovnen på 225°C. Pisk saman eit egg og pensle kaninene før du set brettet i ovnen. Sett på to rosiner som auge på kaninene. Steik kaninene i ca. 12 minuttar til dei er gyllenbrune. Ha kaninene over på ei bakerist og la dei avkjølast.



Påskefrukostegg

Kok frukostegg slik du likar dei. Men ha litt konditorfarge opp i kokevatnet. Slik får du fine fargerike frukostegg.

Påskeegg

Spør ein vaksen om hjelp med å blåsa egget ut av skalet. Viktig å vaska og tørka dei tomme egga godt. No kan du forsiktig pynte egget med maling (hobbymaling og ein tynn pensel fungerer fint). Du kan også bruka tusj til å teikna på eggeskalet. Vær forsiktig så du ikkje knuser dei. Har malinga tørka? Fest ein snor på egget og heng det opp. Visste du at når du tar inn ei grein av eit frukttré nokre veker før påske, så vil den bløma i påska. Greina må stå i vatn. Pynt greina med påskeegga dine.

Pynt frukostbordet ekstra fint i dag. Plukk litt forskjellige blommar ute og ha dei på bordet.

VI SER FRAM TIL ÅRETS FASTEAKSJON, 21.- 23. MARS 2021

NOREGS NEST STØRSTE INNSAMLINGSAKSJON



Fasteaksjonen er ein tradisjon som strekkjer seg langt tilbake i tid. For over 50 år sidan bestemte kyrkjelydane i Noreg seg for å ha ein årleg innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Fasteaksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Noreg, etter TV-aksjonen. Aksjonen er lagd i ei tid av kyrkjeåret som heiter fastetida. Fasten varer i 40 dagar frå oskeonsdag, men sjølve Fasteaksjonen går føre seg over heile landet søndag til tysdag før palmesøndag.

Her kan du lesa om Susan som har fått hjelp:

Susan måtte drikka vatnet ho vaska klede i

For seksbarnsmora Susan Miyambo (35) var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trong til mat, drikke og klesvask måtte ho henta i ei skitten elv.

Me er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktingar frå Kongo har søkt tilflukt. Her bur Susan saman med dei seks borna sine i eit lite hus med strå på taket.

Tunge kanner

Med høner som flaksar rundt beina hennar, eit barn på armen og eit som held i skjørtekanten, fortel ho om timelange gåturar for å henta vatn før dei fekk reint vatn til landsbyen.

- Mangel på vatn ga oss mange helseproblem. Elva var vår næraste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakteriar. Me var veldig ofte sjuke, fortel ho. Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timar måtte ho bruka for å henta reint vatn. Det var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enklaste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og lagde mat med. Vatnet ho delte med dyr og insekt.

- Me måtte gå store avstandar for å koma til vasskjelda, og det var vanskeleg for familien min å få til det, forklarar ho.

Brønn som endra alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der dei er mange på liten plass.

Litt av plassen er sett av til oppbevaring av fisk og den populære grønnsaka, kassava, som smakar nesten som potet.

- Her ser du litt av inntekta mi, smiler ho. For sal av både fisk og kassava gjev ekstra pengar til storfamilien. Ho peikar på dei fargerike vasskannene som står ved matlagingsplassen.

- No treng me ikkje lenger å gå langt for å henta vatn. Takka vere Kirkens Nødhjelp har me fått reint vatn i landsbyen. Det er me så takksame for.

Landsbyen, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang til vatn av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 bora me ein brønn. Det er viktig for oss at heile landsbyen får eigarskap til vassystema vi byggjer. Difor samarbeider me tett med våre lokale partnarar og vassingeniørar.

Innbyggjarane er med på å tilretteleggja og vel ein eigen komité som vedlikeheld og har ansvar for vassforsyninga.

For Susan er det no berre ein kort tur til brønnen som er omringa av kanner klare til fyllast opp.

- No kan eg gje familien min reint vatn. Det er eg så glad for. Men sjølv om Susan ikkje lenger er bekymra for å bli sjuk av skittent vatn, har ho ei anna stor bekymring. Ei bekymring ho deler med resten av verda: Covid-19.

- Eg er redd for å bli smitta når mange av oss er samla, og eg er redd for barna sine og mitt eige liv. Covid-19 er verkeleg og utgjør ein fare for oss alle.

Spesielt er ho bekymra for lange køar ved vasspumpa. For i landsbyen er det mange som set pris på reint og trygt vatn, og etterspurnaden er difor stor.

- Mi oppmoding er at det vert bora endå fleire brønner for å møte etterspurnaden, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn, og me kan ha god avstand for å unngå smitte. Brønnen i Kasalaulo i Zambia er rett utanfor huset til seksbarnsmora. Tilgang til reint vatn har forandra livet hennar. Ho kan mellom anna bruka mykje meir tid på å dyrka kassava og mango.

Avhengig av hjelp for å hjelpa

For at Susan og andre skal få reint vatn, trengst det hjelp frå oss. Også i 2021 skal frivillige over heile Noreg vera med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og samla inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv i fattige lokalsamfunn ute i verda. Verda står framleis overfor ein pandemi som rammar oss alle på ulike måtar. Kirkens Nødhjelp har nått ut til over 2,4 millionar menneske med koronaførebyggjande tiltak sidan mars 2020, takka vere deira innsats og bidrag.

Seksbarnsmora Susan Miyambo trudde aldri at ho skulle få reint vatn, men no som ho har fått det, kan ho bruka meir tid saman med borna sine.

FASTEAKSJONEN 2021

Dessverre kan konfirmantane heller ikkje i år gå frå dør til dør med bøssene sine, men innsamling vert det likevel. Konfirmantane førebur seg til innsamlinga ved å læra om Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i fattige og naudlidande land. Dei lærer om born og unge som ikkje har tilgang til reint vatn, og som kan henda må gå timevis kvar dag for å henta vatn til seg og familien.

Dugnaden i år vert berre digital. Det blir oppretta innsamling via Facebooksidene til Ulvik og Eidfjord kyrkje. Gjev du pengar her, vert dette registrert hjå Kirkens Nødhjelp som gåver frå Ulvik og Eidfjord. Du finn meir informasjon om dette på heimesidene våre etter kvart.

Du kan sjølv sagt også gje pengar direkte til Kirkens Nødhjelp. Då brukar du kontonummer **1594.22.87493** eller du *vippsar til 2426*. Likar du betre å gje via SMS kan du senda *VANN til 2426*. Då gjev du automatisk kr. 250,-.

Johannes og Manuela har laga ein serie om fastetida som ligg på begge kyrkjene sine nettsider, og på Eidfjord

kyrkje sin youtube kanal. Dei har med seg ein eksklusiv gjest, nemleg Rolf Trustein. Han fungerer som superhelt i fastetida og deler sine tips og triks til korleis du kan bidra til å hjelpa dei som ikkje har tilgang til reint vatn. Ein liten og sjarmerende vekker for både store og små, me kan alle gjere ein forskjell.

Hjelp oss å støtta Fasteaksjonen! Kirkens Nødhjelp si årlege storsatsing på å skaffa reint vatn der det trengst aller mest!



KLOKKAR I KORONATID

«Alt ble med ett så stille, livet ble helt forandret»

Dette er ei linje frå ein av dei nyare salmane i salmeboka vår og for min del kjenner eg at den linja er dekkande for korleis livet er no. Det er heit annleis enn vanleg. Det er stille i bygda vår, stille på vegane, stille i butikkane, stille i kulturlivet, stille i kyrkja. I skrivande stund er det lov å ha kun ti personar til stades i kyrkja, og då vert det stille, og det vert lenge mellom gudstenestene der me kan møta kvarandre i Guds hus. I Eidfjord og Ulvik er me heldige som har prest som forstår seg på moderne teknikk, så no har eg fått vera med på å «streama» ei enkel gudsteneste. Det var for meg ei ny oppleving. Me hadde ei fin stund i kyrkja men eg trur eg torer seia at me sakna kyrkjelyden. Med berre nokre få personar til stades vert det stille fellesbøn og nesten stille salmesong, men så lenge me må leva med så strenge restriksjonar, er nok ei «streama» gudsteneste eit godt tilbod om eit besøk i den fine kyrkja vår. Håpet er likevel at det ikkje må verta så lenge før me alle kan møtast til gudsteneste att, få ta kvarandre i handa å ynskja kvarandre god sundag, sitja tett i kyrkjebenken, ta del i



fellesbøner og salmesong. Høyra gode tekstar, evangelieleasing og preike og etter tre gonger tre slag med kyrkjeklokkene gå ut i kvardagen med presten sine ord i øyro om å gå i Guds fred og tena Herren og kvarandre med glede.

Lilly Hammer

Ulvik kyrkje har teke steget inn i den digitale tida, og dette kan verka spennande både for konfirmantar og folk som ikkje har høve til å gå i kyrkja. For dei utabygds abonnentane våre er det eit ekstra høve til å fylgja med på kva som skjer på heimstaden.

Her har Wilma lagt ut gudstenesta:

<https://www.facebook.com/ulvik.kyrkje.5/videos/793438438185129>

BESTEFORELDRE FORTEL FRÅ SIN BARNDOM

I sist nummer føreslo Bjørg Hide at me skulle prøva å gå dei eldre i tale. No fylgjer ho sjølv opp med ein tekst frå sin barndom i sine heimetrakter. Teksten er frå tida under krigen då ho som lita jente måtte på sjukehus for å

fjerna mandlane. Det var andre tider, og ikkje kjekt å verta skild frå ho mor og overlaten til framande. Teksten er ein faksimile frå ei årbok publisert der Bjørg vaks opp.

Publisert i Årboka Landingen.

Bjørg Hella Hide

Glimt fra en barndom

MANDELOPPERASJON

Jeg er snart 6 år og har digre mandler. Har vært småsjuk hele vinteren. «Dette må vi få gjort noe med før du begynner på skolen», sier mor.

Tidlig om morgenen går vi til sykehuset. Det ligger i Hov. Det er langt. Overlegen har runde briller og ser snill ut. Han ber meg gape opp og sier: «Hmm! Hmm! – Jo, her må noe fjernes!» Jeg får lov til å sitte i den fine stolen hans som kan dreies rundt. Overlegen er så koselig at jeg sier jeg vil kalle han bestefar. Og det er visst helt greit.

Så kommer dagen da jeg skal innlegges for operasjon. Mor bader meg kvelden før i diger balje. Jeg får ikke lov å spise eller drikke. Da vi kommer til sykehuset, blir vi møtt av ei dame i kvit kjole. I korridoren er det helt stille og det lukter sterkt av noe. Bestefaroverlegen er ikke å se.

«Mor må nok gå, sier damen i kvitt, og du må bade først». Det nytter ikke at mor sier at jeg har badet hjemme. Det er visst ikke godt nok.

Så er jeg mutters alene på et digert bad med en fremmed dame. Hun skrubber meg til jeg er helt rød og klipper neglene mine til det gjør vondt. Om en stund kommer en annen dame. Hun trekker på meg lange hvite strømper og nattskjorte og leier meg nedover den lange korridoren.

Jeg blir løftet opp på en høy benk. Noen holder armene og bena mine, og en kopp blir trykket fast mot nesa mi. De drypper noe som lukter vondt og sterkt. Jeg kaver og vil komme meg løs, men greier det ikke. De roper at jeg skal puste inn. Jeg gisper og tror at jeg skal kveles. Over meg lyser en forferdelig sterk lampe.

Jeg våkner opp på et rom der det ligger to snille damer. De trøster meg når jeg kaster opp blod og slim. Selv om jeg er fryktelig tørst, får jeg bare teskjeer med vann.

Etter tre dager får mor komme på besøk. Da har jeg fått fiskeboller og skjønner at jeg skal få leve. Etter seks dager får jeg komme hjem. Vi sitter på med melke bilen som skal rundt i bygda. Det er krig så bilen har ikke bensin. I stedet bruker de noe som heter knott.

Dette hendte i 1942.



Hov Sykehus: Foto LM

Bjørg oppmodar andre om å fortelja frå sin barndom! Kanskje det er din tur no?

JA DÅ, DET BLIR LEIR!



Konfirmantleiren er, og skal vera, høgdepunktet i konfirmanttida. Staben i Eidfjord kyrkje har fundert og diskutert korleis me skal få dette til i år. Sætervika har vore fast leirstad for mange av hardangerkonfirmantane i ei årrekke. Dette har koronaen sett ei foreløpig pause for. Ikkje berre for å reise dit, men også for å kunne samla konfirmantane frå fleire sokn. Likevel ville me gjerne at Eidfjordkonfirmantane skulle få ei helg i lag. Dette bør gå fint med tanke på at dei er i lag på skulen, og er ein såkalla kohort. Løysinga fann me i vår eigen kommune. Me har jo fleire supre turisthytter i forholdsvis nær omkrins. Valet fall på Halne Fjellstugu. Drivarane på Halne ønska oss hjarteleg velkomne. Halne er jo midt i smørauga på den flotte Hardangervidda, og dei stiller med full pakke; mat, overnatting og grupperom, samt guide når me treng det...Me kjem tilbake med fyldig referat og bilete frå turen i neste blad, men me kan allereie no avsløra eit par høgdepunkt.

Me har bestilt Lyssafari med lokal guide, trugar og hovudlykt til Halnekollen fredagskvelden. Det er ikkje vêrforbehold, så sant det går an å finna fram går turen, som seiest å vera like spektakulær i snøvêr som i måneskin. Laurdag vert det tur på bortoverski. Det går rykte om at ikkje alle leiarane er like støe på ski, så dette har potensiale til å bli riktig så moro. Risikovurdering er teken, kva kan gå gale? Det er som kjent ulike ting.. Dersom nokon vert sjuke, eller det bryt ut virus i bygda så må me avlysa. Vêret har også innverknad for turen inn til Halne. Kolonnekøyning taklar me, men stengde vegar kan vel ikkje ein gong presten rå over? Eidfjordingar er optimistar! Me håper og ber om godt vêr og friske folk, og trur på ei riktig så flott helg i byrjinga av mars.




OPEN KYRKJE I EIDFJORD

Kyrkja er open 1 time fast to gongar i månaden heile året. Kvar siste tysdag i månaden kl. 14–15 og kvar første torsdag i månaden kl. 18.30–19.30. Det blir musikk frå orgel eller piano eller musikk frå høgtalar. Kom, tenn eit ljøs, sett deg ned og føl korleis roen senker seg i kyrkjerommet. Alle er velkomne, men me be om å vera stille i løpet av timen. Har du behov for ein samtale, vil det vera nokon der du kan snakka med.

Har du lyst å hjelpa til som frivillig?

Koke kaffi, ta imot folk eller vil du bidra med musikk? Ta kontakt med Manuela: manuela@eidfjordkyrkje.no



Som dagane går...

Døyppte

Døyppte i Eidfjord

Åsta Skår

Gravlagde

Gravlagde i Ulvik

Gunnar Øydvin f. 1931

Ingrid Ljones f. 1931

Mali Polden f. 1921

Gravlagde i Eidfjord

Erling Hakestad

Oddrun Tveit



Er du **SVOLTEN, TØRST** eller **TRØTT**
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.

Catering | Kafe & Kremmeri
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjekt
www.eidfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64

Dåpskjole til leige!

Pris: 300,-
Kontakt: Ulvik Bygdekvinne lag
v/ Åsa Gunnarsdottir, tlf.: 952 62 096



GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordabl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer
hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider
på tlf. 56 52 64 47
mob. 952 10554 / 952 13375
priv. 56 52 62 03

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik - Tlf. 56 52 65 00

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall
kan me levera
blomahelsingar til dei pårørende,

keransar
båredekorasjonar
bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER 
NATURSTEIN AS
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordabl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47
Smith - Granvin - tlf. 952 10 554

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 – www.ulvikbygg.no



FJORDTIND
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

joker
– helt i nærheten

BUTIKK1 AS
5730 Ulvik
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
Mob. 907 54 533



**Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte

 SparebankenVest



Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
21.03.2021	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
01.04.2021	21:00	Torsdag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste, skjærtorsdag
04.04.2021	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudstenese, 1. påskedag
11.04.2021	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
09.05.2021	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
17.05.2021	09:30	Måndag	Ulvik kyrkje	Festgudsteneste, 17. mai
24.05.2021	11:00	Måndag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste, 2. pinsedag
13.06.2021	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
20.06.2021	18:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste

Konfirmasjon er utsett til hausten. Ny dato for konfirmasjon i Ulvik er søndag 12. september. Prestetenester i Ulvik:

Sokneprest i Ulvik, Magnar Haaland, er langtidssjuktmeld frå november 2020 til Påsken 2021. Vikarprest, Bengt Staffan Arvidsson, har teke seg av gudstenester, dåp, gravferder og konfirmantundervisning t.o.m. 31.12.2020. Frå nyttår til Påske overtek sokneprest i Eidfjord, Johannes Pettersen, men Bengt Staffan Arvidsson held fram med konfirmantundervisning i Ulvik.

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
07.03.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
21.03.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
02.04.2021	18.00	Fredag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste, langfredag
04.04.2021	11.00	Sundag	Dyranut	Gudsteneste, 1. påskedag
18.04.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
17.05.2021	11.00	Måndag	Eidfjord gamlekyrkje	Gudsteneste
30.05.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
13.06.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
27.06.2021	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste

Konfirmasjon er utsett til hausten. Ny dato for konfirmasjon i Eidfjord er sett til 5. september.

Legg skituren til Dyranut og bli med på gudsteneste i friluft 1. påskedag.

Kyrkja ønskjer å vera der folk er, og i påsken er det fjellet som gjeld for mange. Eidfjord kyrkje flytter seg difor for anledningen opp i høgda. Me har med instrument, god bodskap, reinsdyrskinn og bålpanne. Solkrem held du sjølv. Blir det kjøleg kan me trekkja inn og ta kyrkjekaffien på fjellstova etterpå. Alle detaljar er ikkje på plass når Brubyggjaren går i trykken, men følg med, me kjem med meir informasjon etter kvart.

DET KAN KOMA ENDRINGAR I DEN OPPSETTE GUDSTENESTELISTA OG KARANTENEREGLANE

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og gåver.

Ulvik har Vippsnummer: 125390 • Eidfjord har Vippsnummer: 127865